



# Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Tingvoll, 8. mai 2015

Fræna kommune

## **KLAGE - BRU TIL DRÅGEN – BYGGESAKSHANDSAMING**

### **SPØRSMÅL OM KOMMUNEN SINE RUTINAR KNYTT TIL EIGEDOMSFORVALTING**

Vi viser til Fræna kommune sin sak nr. PS 111/2014 behandla i PLØK 15.09.2014, Bru til Drågen, arkivnr. 2014/1668-6 og vårt brev av 9.3.2015.

Vi har registrert at brua no er skifta ut med eit røyr med mykje mindre gjennomstrøymingsareal enn det brua hadde. Vidare ser vi i innsynsløysinga at det ikkje er nye dokument i saka etter 9.3.2015.

#### **1. Manglande byggesakshandsaming**

I nemnte sak finn vi ikkje handsaming etter plan- og bygningslova. Vi antar at riving av brua utløyser krav om rivingsløyve. Vidare er det gjort ein del med fyllinga i området, ei fylling med høgde på 3-4 meter, som venteleg krev løyve etter plan- og bygningslova. Vi viser til Pbl § 20-1, bokstavane a, b og e. Det er mogleg at det kan vere andre paragrafar som denne saka også vedkjem.

Vi klager med dette på at kommunen har rive brua og ført opp delar av molo/fylling utan løyve i denne saka. Ved å få ei handsaming etter plan- og bygningslova, reknar vi med at det også blir gjort ei form for vurdering etter naturmangfaldlova som vi meiner kan gi føringar for utfallet i saka.

#### **2. Rutinar for kommunen si eigedomsforvalting**

Naturmangfaldlova § 7 inneheld bestemmelsar om at prinsippa i naturmangfaldloven skal nyttast ved utøving av kommunen si eigedomsforvalting. Vi spør difor om korleis Fræna kommune har lagt opp rutineane sine slik at ein sikrar at naturmangfaldlova blir nytta i samband med den kommunale eigedomsforvaltinga. Særleg er vi interessert i vurderingspraksisen knytt til nml §§ 6-12

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal  
v/Øystein Folden, Rasta 4, 6630 TINGVOLL

Telefon 91 81 25 42 – epost [moreromsdal@naturvernforbundet.no](mailto:moreromsdal@naturvernforbundet.no) – internett [www.naturvern.no/mr](http://www.naturvern.no/mr)

For denne delen av saka viser vi til miljøinformasjonslova som gir oss rett til å få denne typen opplysningar. Vi viser spesielt til §§ 10 og 13 og reknar med at vi kan motta desse opplysningane innan 15 dagar, sidan det venteleg dreier seg om ei sjekklister eller ein instruks.

Det blir sendt kopi av dette brevet til andre offentlege mynde, sidan det viser seg at praksisen rundt kommunal eigedomsforvaltning og naturmangfaldlova har fått lita merksemd til no. Kommunen sitt svar vil difor ha interesse for fleire enn Naturvernforbundet.

Med vennleg helsing

Øystein Folden  
leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Kopi:  
Fylkesmannen, Miljøvernavinga  
Miljødirektoratet  
Klima- og miljødepartementet